



Landbruks- og matdepartementet

Melding om vedtak

Vår ref
2018/416/8/L14

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Tor Taraldsrud
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato
27.02.2019

NOU 2018:11: Framlegg til ny fjellov - høyringsuttale frå Skjåk kommune

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 21.02.2019

Skjåk kommune støttar dei overordna grepa i lovforslaget; at den nye fjellova skal erstatte både dagens fjellov og dagens statsallmenninglov, og at fjellstyret etter ny lov også skal ha den rolle som allmenningstyra har i dag.

Skjåk kommune meiner den føreslegne valordninga til fjellstyret er unødvendig rigid, og svekker kommunestyret sin rolle i oppnemning av fjellstyret. Kommunen støttar KS og USS sitt forslag om at det skal vere to styremedlemmer med bruksrett i styret og at kommunestyret si oppnemning av medlemmer ikkje skal vere bunde til forslag frå årsmøtet for dei bruksrettshavande.

Skjåk kommune er samd i at hovudregelen skal vere eitt fjellstyre pr. kommune, men støttar fleirtalsforslaget om å vidareføre ordninga om at det kan vere fleire fjellstyre i kommunar med fleire statsallmenningar dersom geografi eller andre omsyn gjer at dette er mest tenleg.

Lovframlegget betyr vidareføring av dagens ordningar for jakt og fiske i statsallmenningane, medrekna ordninga med sentralt fastsette prisrammer/maksimalpris (etter fleirtalsforslaget). Skjåk kommune støttar dette, jakt og fiske er fellesgode som er viktige for distriktssamfunna.

Statsallmenningsgrunn med bruksrettar er eit fellesgode som er viktig for lokal busetting, for landbruksnæringa og for anna lokalt næringsliv. Skjåk kommune støttar derfor ei vidareføring av dagens hovudregel om at grunn i statsallmenningane ikkje kan avhendast, berre festast/ leigast bort – med dei unntak som gjeld etter dagens lov.

Skjåk kommune meiner at ei styrking av finansieringa for fjellstyret er nødvendig, og støttar derfor fleirtalsforslaget om at alle brutto inntekter frå grunndisponering skal fordelast 50/50 mellom den lokale fjellkassa og grunneigarfondet til Statskog.

Skjåk kommune støttar fleirtalsforslaget om at fjellstyret skal forvalte skogen i statsallmenningar med virkesrett, Statskog i allmenningar utan virkesrett. Skog med virkesrett bør forvaltast lokalt.

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside
www.skjaak.kommune.no

Telefon
61217000
Telefaks
61217001

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096

Dagens ordning med eit fjelloppsyn som også fungerer som naturoppsyn har lange tradisjonar. Eit fjelloppsyn som kombinerer privatrettsleg oppsyn og offentlegrettsleg naturoppsyn er ressurseffektivt, og statleg grunnfinansiering/refusjon til oppsynsoppgåvene sikrar grunnlaget for fjellstyret sitt feltmannskap. Skjåk kommune støttar ei vidareføring av dagens ordning der fjelloppsyn både er privatrettsleg oppsyn for grunneigar og naturoppsyn etter naturoppsynslova.

Skjåk kommune deler USS og KS sitt syn om at utvalet sitt forslag medfører ei uheldig endring av fjellstyret sin rollefordeling mellom privat rettssubjekt og offentleg forvaltningsorgan. På same måte som jakt- og fiskesaker bør saker som gjeld jordbrukstilknytte bruksrettar fortsatt behandlast etter reglane i forvaltningslova og offentleglova.

Med helsing

Tor Taraldsrud
Naturforvaltar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

	Skjåk kommune	Arkivsak: 2018/416-6 Arkiv: L14 Saksbehandlar: Tor Taraldsrud Dato: 12.02.2019
---	----------------------	---

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
9/19	Skjåk kommunestyre	21.02.2019

NOU 2018:11: Framlegg til ny fjellov - høyringsuttale frå Skjåk kommune

Saksdokument

Landbruks- og matdepartementet har sendt NOU 2018:11 om ny fjellov ut på høyring. Høyringsfristen er 28.02.2019. Høyringsbrevet og heile NOU 2018:11 kan lesast her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2018-11/id2605120/>

- Høyringsuttale frå USS (Utmarkskommunanes Samanslutning)
- Notat om fjellstyrets rettslege status frå USS

Samandrag

Skjåk kommune støttar hovudinnhaldet i fleirtalsforslaget frå statsallmenningsslovutvalet. Kommunen er likevel kritisk til at lovforslaget svekker kommunestyret sin rolle i oppnemning av fjellstyret, og vil foreslå ein mindre rigid ordning for val av medlemmer, der kommunestyret ikkje er bunde opp til forslag frå årsmøtet for dei bruksrettshavande. Skjåk kommune er også negativ til utvalet sitt forslag om at m.a. saker/vedtak som gjeld jordbrukstilknytta bruksrettar ikkje lenger skal behandlast etter reglane i forvaltningslova og offentleglova.

Utanom punkta ovanfor støttar Skjåk kommune dei forslaga som fleirtalet i lovutvalet står bak.

Saksutgreiing

Regjeringa oppnemnde i mars 2016 eit lovutval med 12 medlemmer som no har lagt fram eit forslag til ny fjellov, som skal erstatte både eksisterande fjellov (av 06.06.1975) og Statsallmenningsslova (av 19.06.1992). Lovutvalet har delt seg i eit fleirtal og eit mindretal på mange punkt i lovframlegget, mellom anna når det gjeld kva for oppgåver fjellstyret skal ha, og kva for reglar det skal vere for samansetning og oppnemning av fjellstyret.

Formålet med lovforslaget er å fremje berekraftig forvaltning av ressursane i statsallmenningane. Overordna i lovforslaget er altså at det skal vere ei lov, fjellova, som erstattar både dagens fjellov og dagens statsallmenningsslov. Vidare at fjellstyret etter ny lov også skal overta rolla som allmenningssstyret har i dag. Det er ingen dissens om desse overordna grepa i forslaget.

Fjellstyret skal etter forslaget ikkje kunne instruerast av statlege organ og vedtaka skal heller ikkje kunne klagast på. Som før skal likevel fjellstyret regulere jakt og fiske i statsallmenningane som eit offentleg forvaltningsorgan.

Utvalet foreslår at rolla Statskog SF har som grunneigar i statsallmenningane skal reindyrkast.

Nytt i lovforslaget er at lova skal vere uttømmmande for regulering av bruksrettar, og skal ikkje supplerast med forskrifter – til dømes sæterforskrifta går ut. Det enkelte fjellstyre kan likevel gje lokale reglar for utøving av bruksrett.

Saksutgreiinga nedanfor tek utgangspunkt i m.a. USS (Utmarkskommunenenes Sammenslutning) sitt forslag til uttale, datert 14.01.2019, og KS sitt forslag til uttale vedteke i hovudstyret 25.01. Både KS og USS sine uttaler set fokus på manglande utgreiingar i lovforslaget – sett opp mot det mandatet statsallmenningsslovutvalet fekk av Landbruks- og matdepartementet. I KS sin uttale blir det peikt spesielt på behov for ein grenseoppgang i gråsoner mellom ny fjellov og anna lovverk – ikkje minst mot plan- og bygningslova. KS og USS meiner vidare at statsallmenningsslovutvalet har forsømt sitt mandat punkt 2.1.5 om å vurdere ei styrking av kommunane sin rolle i forvaltninga av statsallmenningane. Til dette punktet i mandatet skriv utvalet at kommunane er gitt ei rolle i val av medlemmer til fjellstyret (denne rolla er svekka samanlikna med dagens ordning) og ved fastsetjing av om det skal vere eit eller fleire fjellstyre i kommunen. «Ut over dette har utvalet ikkje funne grunnlag for å trekke kommunane inn i forvaltninga av statsallmenningane.»

USS og KS er i sine uttaler kritiske til at lovforslaget i større grad enn i dag definerer fjellstyret som private rettssubjekt. Dette har som konsekvens at avgjerder fjellstyret tek vedr. forvaltning av bruksrettar ikkje kan påklagast etter føresegnene i forvaltningslova, medan saker som gjeld jakt, fangst, felling og fiske skal behandlast etter reglane i forvaltningslova og offentleglova. I andre saksområde vil ikkje fjellstyret vere underlagt desse saksbehandlingsreglane, men skal følge prinsippa i forvaltningslova og offentleglova «så langt det høver».

Vurdering

Merknader til enkeltpunkt i lovframlegget:

§ 3-1, 3-2 Fjellstyret, oppnemning og samansetning

Eit samla utval foreslår at hovudregelen er at det skal vere eit fjellstyre pr. kommune. Fleirtalet i utvalet opnar likevel for at det kan vere fleire fjellstyre i kommunar med fleire statsallmenningar (som i dag) dersom geografiske eller andre omsyn tilseier dette. KS og USS støttar fleirtalsforslaget, dette er ein handlefridom kommunane bør ha. Administrasjonssjefen støttar dette synspunktet.

Eit samla utval foreslår heller rigide føresegner og bindingar på korleis fjellstyret skal setjast saman, m.a. ved at kommunestyret skal vere bunde til å velja (minst) to fjellstyremedlemmer med bruksrett i statsallmenningen - slik dei er foreslått frå årsmøtet for dei bruksrettshavande. Vidare foreslår fleirtalet i utvalet at for fjellstyre som omfattar fleire allmenningar kan det vere fleire enn to styremedlemmer med bruksrett, kommunestyret skal da vekta stemmene frå dei med bruksrett, slik at det totalt blir to stemmer frå bruksrettshavarane.

Forslaga ovanfor svekker kommunestyret sin rolle i oppnemning av fjellstyret. KS (og USS) sitt forslag er at lova skal fastsetje at det berre skal vere to styremedlemmer med bruksrett (av totalt fem medlemmer), og at kommunestyret si oppnemning av medlemmer ikkje skal vere bunde til forslag frå årsmøtet for dei bruksrettshavande. Administrasjonssjefen støttar dette synspunktet.

Kap. 5 om jakt og fiske

Forslaget til ny fjellov medfører i hovudtrekk vidareføring av dagens regime for jakt og fiske i statsallmenningane. Eit mindretal i utvalet ønskjer å opne for at fjellstyret skal stå friare i prisfastsetting av jakt og fiske, medan fleirtalet ønskjer å halde på ordninga med sentralt fastsette prisrammer med maksimalpris.

§ 6-2 om avhending av grunn i statsallmenningen

Fleirtalet i utvalet ønskjer å vidareføre dagens hovudregel om at grunn i statsallmenningane ikkje kan avhendast, berre festast/ leigast bort (med enkelte unntak). Mindretalet ønskjer å opne for sal av hyttetomter og sal av setrer der allmenningsretten har falle bort. KS ønskjer i sitt uttaleforslag ikkje å ta stilling til dette spørsmålet, USS støttar fleirtalsforslaget, og administrasjonssjefen deler dette synspunktet.

§ 6 – 4 om inntekter frå grunnDisponering

Fleirtalet i utvalet går inn for at alle brutto inntekter frå grunnDisponering skal fordelast 50/50 mellom grunneigarfondet (forvalta av Statskog SF) og fjellkassa (forvalta av fjellstyret). Mindretalet foreslår at Statskog SF skal ha dekkja sine kostnader til drift og administrasjon før deling. Mindretalet foreslår vidare at av andre inntekter enn bortfeste av hytter og hotell skal delast mellom grunneigarfond og statskog først etter at lova er sett i kraft (ikkje for eldre grunnDisponeringar). Gjeld for eksempel bortfeste av alpinanlegg og vasskraftverk. Fleirtalsforslaget medfører ei styrking av finansieringa for fjellstyret. Mindretalsforslaget prioriterer finansiering av Statskog SF. Administrasjonssjefen støttar fleirtalsforslaget.

§ 7 om skogforvaltning

Fleirtalet i utvalet foreslår at fjellstyret skal forvalte skogen i statsallmenningar med virkesrett, Statskog forvaltar skogen i allmenningar utan virkesrett. Mindretalet sitt forslag er at Statskog SF skal forvalte all skog i statsallmenning. USS støttar fleirtalsforslaget, det gjer også KS, men meiner at forholdet mellom fjellstyret og kommunen når det gjeld skogforvaltning bør utgreiast betre. Administrasjonssjefen støttar fleirtalsforslaget, skog med virkesrett bør forvaltast lokalt.

§ 9 om oppsyn

Fleirtalet i utvalet foreslår at dagens ordning med eit fjelloppsyn som går ut over fjellstyret sine oppsynsoppgåver på vegne av grunneigar blir vidareført, dvs. både privatrettsleg oppsyn og naturoppsyn etter naturoppsynslova. Fleirtalet foreslår også vidareføring av statleg refusjon/ grunnfinansiering for fjellstyret sine oppgåver med oppsyn, skjøtsel og saksbehandling. Mindretalet foreslår at fjellstyret etter ny lov berre skal ha mandat for privatrettsleg oppsyn (grunneigaroppsyn som omfattar utøving av bruksrettar, jakt og fiske). Offentlegrettsleg oppsyn regulert etter naturoppsynslova skal utførast av SNO og fjellstyret skal i følgje mindretalet finansiere sitt oppsyn frå fjellkassa. USS støttar fleirtalsforslaget, og administrasjonssjefen deler dette synspunktet.

§ 10 om saksbehandling

I følgje lovframlegget skal forvaltingslova og offentleglova berre gjelde saker/ vedtak i fjellstyret etter lovas kapittel 5 om jakt, fangst, felling og fiske. For andre saksfelt skal fjellstyret følgje prinsippa i forvaltningslova og offentleglova «så langt det høver». Administrasjonssjefen meiner dette skillet er uheldig, sjå merknader vedr. klagerett ovanfor. Utvalet burde ha drøfta og vurdert om offentleglova skal gjelde for all verksemd i fjellstyret slik KS går inn for i sin uttale.

Rådmannen si innstilling

Skjåk kommune støttar dei overordna grepa i lovforslaget; at den nye fjellova skal erstatte både dagens fjellov og dagens statsallmenningslov, og at fjellstyret etter ny lov også skal ha den rolle som allmenningsstyra har i dag.

Skjåk kommune meiner den føreslegne valordninga til fjellstyret er unødvendig rigid, og svekker kommunestyret sin rolle i oppnemning av fjellstyret. Kommunen støttar KS og USS sitt forslag om at det skal vere to styremedlemmer med bruksrett i styret og at kommunestyret si oppnemning av medlemmer ikkje skal vere bunde til forslag frå årsmøtet for dei bruksrettshavande.

Skjåk kommune er samd i at hovudregelen skal vere eit fjellstyre pr. kommune, men støttar fleirtalsforslaget om å vidareføre ordninga om at det kan vere fleire fjellstyre i kommunar med fleire statsallmenningar dersom geografi eller andre omsyn gjer at dette er mest tenleg.

Lovframlegget betyr vidareføring av dagens ordningar for jakt og fiske i statsallmenningane, medrekna ordninga med sentralt fastsette prisrammer/ maksimalpris (etter fleirtalsforslaget). Skjåk kommune støttar dette, jakt og fiske er fellesgoder som er viktige for distriktssamfunna.

Statsallmenningsgrunn med bruksrettar er eit fellesgode som er viktig for lokal busetting, for landbruksnæringa og for anna lokalt næringsliv. Skjåk kommune støttar derfor ei vidareføring av dagens hovudregel om at grunn i statsallmenningane ikkje kan avhendast, berre festast/ leigast bort – med dei unntak som gjeld etter dagens lov.

Skjåk kommune meiner at ei styrking av finansieringa for fjellstyret er nødvendig, og støttar derfor fleirtalsforslaget om at alle brutto inntekter frå grunndisponering skal fordelast 50/50 mellom Skjåk den lokale fjellkassa og grunneigarfondet til Statskog.

Skjåk kommune støttar fleirtalsforslaget om at fjellstyret skal forvalte skogen i statsallmenningar med virkesrett, Statskog i allmenningar utan virkesrett. Skog med virkesrett bør forvaltast lokalt.

Dagens ordning med eit fjelloppsyn som også fungerer som naturoppsyn har lange tradisjonar. Eit fjelloppsyn som kombinerer privatrettsleg oppsyn og offentlegrettsleg naturoppsyn er ressurseffektivt, og statleg grunnfinansiering/ refusjon til oppsynsoppgåvene sikrar grunnlaget for fjellstyret sitt feltemenskap. Skjåk kommune støttar ei vidareføring av dagens ordning der fjelloppsyn både er privatrettsleg oppsyn for grunneigar og naturoppsyn etter naturoppsynslova.

Skjåk kommune deler USS og KS sitt syn om at utvalet sitt forslag medfører ei uheldig endring av fjellstyret sin rollefordeling mellom privat rettssubjekt og offentleg forvaltningsorgan. På same måte som jakt- og fiskesaker bør saker som gjeld jordbrukstilknytte bruksrettar fortsatt behandlast etter reglane i forvaltningslova og offentleglova.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 21.02.2019

Uttala vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 21.02.2019

Skjåk kommune støttar dei overordna grepa i lovforslaget; at den nye fjellova skal erstatte både dagens fjellov og dagens statsallmenningslov, og at fjellstyret etter ny lov også skal ha den rolle som allmenningsstyra har i dag.

Skjåk kommune meiner den føreslegne valordninga til fjellstyret er unødvendig rigid, og svekker kommunestyret sin rolle i oppnemning av fjellstyret. Kommunen støttar KS og USS sitt forslag om at det skal vere to styremedlemmer med bruksrett i styret og at kommunestyret si oppnemning av medlemmer ikkje skal vere bunde til forslag frå årsmøtet for dei bruksrettshavande.

Skjåk kommune er samd i at hovudregelen skal vere eitt fjellstyre pr. kommune, men støttar fleirtalsforslaget om å vidareføre ordninga om at det kan vere fleire fjellstyre i kommunar med fleire statsallmenningar dersom geografi eller andre omsyn gjer at dette er mest tenleg.

Lovframlegget betyr vidareføring av dagens ordningar for jakt og fiske i statsallmenningane, medrekna ordninga med sentralt fastsette prisrammer/maksimalpris (etter fleirtalsforslaget). Skjåk kommune støttar dette, jakt og fiske er fellesgode som er viktige for distriktssamfunna.

Statsallmenningsgrunn med bruksrettar er eit fellesgode som er viktig for lokal busetting, for landbruksnæringa og for anna lokalt næringsliv. Skjåk kommune støttar derfor ei vidareføring av dagens hovudregel om at grunn i statsallmenningane ikkje kan avhendast, berre festast/ leigast bort – med dei unntak som gjeld etter dagens lov.

Skjåk kommune meiner at ei styrking av finansieringa for fjellstyret er nødvendig, og støttar derfor fleirtalsforslaget om at alle brutto inntekter frå grunnDisponering skal fordelast 50/50 mellom den lokale fjellkassa og grunneigarfondet til Statskog.

Skjåk kommune støttar fleirtalsforslaget om at fjellstyret skal forvalte skogen i statsallmenningar med virkesrett, Statskog i allmenningar utan virkesrett. Skog med virkesrett bør forvaltast lokalt.

Dagens ordning med eit fjelloppsyn som også fungerer som naturoppsyn har lange tradisjonar. Eit fjelloppsyn som kombinerer privatrettsleg oppsyn og offentlegrettsleg naturoppsyn er ressurseffektivt, og statleg grunnfinansiering/refusjon til oppsynsoppgåvene sikrar grunnlaget for fjellstyret sitt feltmannskap. Skjåk kommune støttar ei vidareføring av dagens ordning der fjelloppsyn både er privatrettsleg oppsyn for grunneigar og naturoppsyn etter naturoppsynslova.

Skjåk kommune deler USS og KS sitt syn om at utvalet sitt forslag medfører ei uheldig endring av fjellstyret sin rollefordeling mellom privat rettssubjekt og offentleg forvaltningsorgan. På same måte som jakt- og fiskesaker bør saker som gjeld jordbrukstilknytte bruksrettar fortsatt behandlast etter reglane i forvaltningslova og offentleglova.